

MØTEBOK – 07.05.2009 - KOMMUNESTYRET

| | | | |
|---|---|--------------------------------------|----------|
| Møtestad: Tingsalen | Møtedato: 07.05.09 | Frå kl.: 1300 | Til kl.: |
| Møteleiar: | Ordførar Olav Lunden | | |
| Møteinnkalling: (kunngjering): | Sendt medlemmer og varamedlemmer 30.04.09 Kunngjort i Sogn Avis 02.05.09 og på kommunen si heimeside. | | |
| Representantar som er borte: | Jan Tore Thue Jarle Andersen Haavard Stensvand | | |
| Vararepresentantar som er til stades: | Astrid Hilde Ruud Eli Marita Vik Næss Guro Marie dyngen | | |
| Til stades: | I alt: 17 | Av desse 3 vararepresentantar | |
| | Merknader: | | |
| Andre frammøtte: | Rådmann Odd Arve Rakstad Nærings- og utviklingssjef Per Holen Oppvekst- og omsorgssjef Gunnar Steine | | |
| Saker som vart handsama: | Sak nr./år (f.o.m.-t.o.m.): 16/09-18/09 | | |
| Merknader til møteboka: | | | |
| Vi stadfestar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart fastsett i møtet: | Olav Lunden(sign) Guro Marie Dyngen(sign) Astrid Hilde Ruud(sign) | | |

MØTEPROTOKOLL

Kommunestyret

Møtestad: **Tingsalen**

Møtedato: **07.05.2009** Tid: **13.00**

SAKLISTE:

| Sak nr. | Arkivsak nr. | Tittel |
|----------------|---------------------|--|
| 16/09 | 09/263 | Startlån - budsjettendring |
| 17/09 | 09/266 | Busetjing av flyktningar - status. |
| 18/09 | 09/282 | Orienteringar |
| 19/09 | 09/291 | Søknad om mellombels fritak av verv i kommunestyret |

16/09

Startlån - budsjettendring

VEDTAKET lyder slik, samr.:

- 1. Innvilga startlån på kr. 800.000,- vert dekkja av avsette midlar frå nedbetaling av tidlegare utlån som er avsett på fond, konto 2.5599.030.**
- 2. Resterande avsette midlar på konto 2.5599.030, kr. 397.592,34 vert nytta til ekstraordinær nedbetaling av anna husbanklån kommunen har.**
- 3. For ettertida vert praksis at nedbetalte startlån til kommunen vert innbetalt til Husbanken i samband med det enkelte årsoppgjeret.**

17/09

Busetjing av flyktningar - status.

HANDSAMING:

Framlegg frå representanten Monica Åsnes:

Leikanger kommune går imot å busette flyktningar med bakgrunn i mangel på husvære, og at kommunestyret sitt vedtak om å få familiar ikkje er oppfylt

Framlegget fell med 15 mot 2 røystar

Framlegg frå representanten Sigurd Haugen

Administrasjonen skal arbeide vidare med busetting av flyktningar. Det er ein føresetnad at dei som skal busetjast får husvære og arbeid på sikt.

Administrasjonen legg fram ny sak i fyrste møte i haust.

Framlegget fell med 12 mot 5 røystar

Framlegg frå representanten Arild Fossøy

Framlegg i samsvar med kommunestyret sitt vedtak i sak 601/08 den 13.11.2008

Vedtatt med 12 mot 5 røyster

VEDTAKET lyder etter dette slik, 12 mot 5 røyster.:

Framlegg i samsvar med kommunestyret sitt vedtak i sak 601/08 den 13.11.2008

18/09

Orienteringar

TEMA:

- Kommuneplan 2008 – 2016. Motsegn frå Fylkeslandbruksstyret i møte 17.04.09 m/kart (vedlagt)
- KS-K rapport 2 – 2009 vedk analyse av kommunen sin ressursbruk (vedlagt)
- Utbyggingsavtale med Sognekraft AS. Ordførar orienterte om resultatet frå forhandlingane mellom Sognekraft AS og Leikanger kommune 30.04.2009

19/09

Søknad om mellombels fritak av verv i kommunestyret

VEDTAKET lyder slik, samr.:

- 1. Haavard Stensvand vert innvilga fritak frå og med 07.05.2009 og fram til til 01.11.2010.**
- 2. I same perioden rykkjer Liv Bulling opp som fast representant i kommunestyret.**